

# **RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SØKNADER OM TILSKOT FRÅ TILTAKS- OG NÆRINGSFONDET I VALLE KOMMUNE**

## **1. Krav til prosjektet.**

- Ved nyetablering vert det berre gjeve stønad til prosjekt som gjennom dokumentasjon kan sannsynleggjere at det vert etablera **varige og lønsame arbeidsplassar i Valle kommune**. Primært bør det vere tale om minst ei 50% stilling, men i særtilfelle kan ein vurdere stønad også til mindre tilleggsnæringer.
- Tilsvarande krav må stillast til eksisterande verksemder.
- I tillegg må verksemda gjennom rekneskap og budsjett kunne dokumentere tilfredstillande økonomi om kommunen krev det.
- Det må også kunne gjevast tilskot til tiltak som trygger eksisterande arbeidsplasser.
- Det kan ikkje gjevast stønad til ordinær drift.
- Det må visast varsemd med å gje stønad til tiltak som verker konkurransevridande eller til bransjar som har overetablering. Likheitsprinsippet bør likevel stå sterkest.
- Det skal i regelen ikkje gis tilskot til etablering av næringsverksemd tilknytt bustad, unnateke evt. etablerertilskot.
- **Tilskot til bedriftsutvikling, kompetanseheving og innovasjon vert prioritert.**

## **2. Krav til søkeren:**

Søkjaren må ha dei kvalifikasjonar som det er krav om for å kunne etablere omsøkte verksemd.( eks. fagbrev, erfaring osb.) Søkjaren må vidare kunne dokumentere å ha ein tilfredsstillande personlig økonomisk situasjon i dei tilfelle kommunen finn det naudsynt.

## **3. Søknaden.**

Søknaden med vedlegg skal innehalde tilstrekkeleg dokumentasjon til at det kan fattast vedtak i saka. Næringsansvarleg i kommunen skal vere hjelpsam med rådgjeving, samt kontaktar og nettverk for å innhente opplysningar, investorar osb. Næringsansvarleg kan også delta i utvikling av forretningsplan, men det er viktig at det er kunden sitt verk. Næringsansvarleg kan gje stønad til å leige inn hjelpe til utforming av søknad og utfylling av søknadsdokumenter m.m. Det er viktig at det er søkeren sjølv som har ansvaret for utviklinga av sin forretningsidé og at søknadens innhald er korrekt og utfyllande.

## **4. Samfinansiering.**

- Før det vert søkt om lån eller tilskot frå Valle kommune skal alle andre sentrale eller regionale støtteordningar vere forsøkt/vurdert.  
For tida er gjeldande praksis er at Valle kommune og Setesdal regionråd tek saker under kr 200.000,- i støtte og Innovasjon Norge tek større saker.
- Samla offentleg støtte til private næringstiltak skal i regelen ikkje overstige 50% av samla kapitalbehov. Ein viser elles til EØS reglar som er teke inn i vedtekten for fondet.

- Samfinansieringa skal elles skje etter dei kostnadsrammer som til ei kvar tid gjeld mellom Innovasjon Norge, Setesdal regionråd og kommunen.
- Søknader skal handsamast i Valle kommune før dei evt. vert handsama i Setesdal Regionråd.

## **5. Stønadstyper.**

- A. Ved nyetableringar og samarbeidsprosjekt kan det gjevast inntil 50% tilskot til **marknadsføringstiltak**. Tilskotet vert berre gjeve til faktiske kostnader. Eigeninnsats, tapt arbeidsforteneste osb. vert ikkje medrekna.
- B. Ved etableringar med kostnadsramme lågare enn minstegrensa for tilskot frå Innovasjon Norge kan det gjevast eit **etableringstilskot** på kr. 25.000.- Tilskotet skal utgjere maks 50% av dei totale investeringane med etableringa. Tilsvarande tilskot kan gjevast til etableringar der prosjektets kostnader ikkje kvalifiserer til lån og tilskot frå andre ordningar. Endring av selskapsform vert ikkje rekna som etablering og skal ikkje vere grunnlag for tilskot.

D. Til mindre **forundersøkingar**, marknadsundersøkingar, konsulenthjelp eller liknande, **kan** det gjevast eit tilskot på inntil kr. 12.000.- Beløpet skal nyttast til dekning av faktiske kostnader. Eigeninnsats, tapt arbeidsforteneste o.l. vert ikkje medrekna. Dette kan handsamast administrativt, og takast då frå dei 100.000,- som næringsansvarleg disponerer administrativt. Større forprosjekt vert å vurdere særskilt.

### **E. Investeringar i infrastruktur som kjem fleire verksemder eller ei heil næring til gode skal prioritert.**

Det skal ikkje gjevast tilskot til forbruksmateriell, råvarer, rullande materiell eller tradisjonelt landbruksutstyr. Det vert heller ikkje gjeve stønad til oppussing, fornying av maskiner og utstyr som må skiftast ut som ein naturleg del av drifta.

### **Utbetaling**

- Tilskot vert utbetalt etterskotsvis mot revisorbekrefta rekneskap - eventuelt rekneskapsførar, eller med kopi av bilag.
- Om kostnaden vert lågare enn i grunnlaget for tilsegn, vert tilskotet redusera tilsvarende.
- Tilsegn om tilskot fell bort om det ikkje er gjort krav om utbetaling innan 2 år. Fristen kan forlengast etter søknad.

### **Tilbakebetaling av tilskott.**

**Dersom bedrift som har fått tilskot blir avvikla innan tre år frå tilskot er gjeve kan Valle kommune krevje tilbakebetalt tilskot med 30% for kvart år.**

**Retningslinjer pr. april 2014.**